



Alternative modeller for val av delegatar til landsmøta i Raudt

*Diskusjonsnotat frå arbeidsgruppa
satt ned av landsstyret*

Svarfrist: fredag 9. oktober kl. 12
Send innspel til: vedtekter@roedt.no



Bakgrunn

Landsmøtet i 2025 vedtok i Handlingsplanen for 2025 til 2027 at:

«Rødt skal bygge et stort parti som håndterer vekst ved å: (...) Utrede og diskutere alternative modeller for valg av delegater til Rødts landsmøte. Utredningen og diskusjonen skal føre til at forslag om endring av Vedtektenes § 8.5 legges fram på neste landsmøte.»

For å følge opp vedtaket frå landsmøtet har landsstyret sett ned ei arbeidsgruppe med følgjande mandat:

«Arbeidsgruppa får ansvar for å se på paragraf 8.5, samt paragrafer som blir påvirket av eventuelle endringer i denne (Dette gjelder. 8.4, 8.6, 8.7, 13.1. og 16.2.). Arbeidsgruppa skal vurdere ulike modeller jmf vedtak i handlingsplan, og levere disse i god tid før landsstyremøtet 7.-8. november, slik at landsstyret kan diskutere og lande på ønsket modell. Leder for arbeidsgruppa får tale og forslagsrett på landsmøtet.»

ARBEIDSGRUPPA BESTÅR AV:

- Thomas Nygreen (leiar) – Grünerløkka, Oslo
- Sissel Hallem – Øvre Eiker, Buskerud
- Ida Dutheil – Fredrikstad, Østfold
- Vivian Jacobssen – Kristiansand, Agder
- Torill Nustad – Tromsø, Troms
- Iver Vaagen – Hustadvika, Møre og Romsdal

Dette notatet oppsummerer arbeidet i og tilrådingane frå arbeidsgruppa så langt. Etter høyringsrunden vil arbeidsgruppa gå gjennom svara frå organisasjonen og sende ei tilråding til landsstyret. I sitt møte 7.–8. november vedtek landsstyret ei innstilling til landsmøtet, og eventuelle endringar vedtekne av landsmøtet i mars 2027 vil gjelde frå og med delegatfordelinga til neste landsmøte i 2029. Arbeidsgruppa er spesielt interessert i svar på diskusjonsspørsmåla til slutt i dokumentet, men innspel på andre tema er òg velkomne.

Kva ønskjer vi å oppnå?

Landsmøtet er det høgste organet i partiet, og fattar vedtak som bind alle andre ledd i partiet, slik som programma vi går til val på. Landsmøtet skal spegle grunnplanet i partiet. Fordelinga av delegatar til landsmøtet er derfor viktig for maktfordelinga i partiet, og skal ivareta fleire til dels motstridande omsyn.

Det er i dag lokallaga som vel delegatane til landsmøta i Raudt. § 8.5 i vedtektene fastset at «lokallag som har tre medlemmer eller meir, skal ha minst ein delegat.» Bakgrunnen for dette er at lokallaga er grunnsteinen i Raudt, som nedfelt i § 5.1 i vedtektene. Det inneber at det er lokallaga som står for hovuddelen av aktiviteten, skoloringa, studia og politikkutviklinga i partiet, kvar for seg og i samarbeid.

Det er stor skilnad på lokallaga i Raudt. Nokre har under ti medlemmer, andre har fleire hundre. Fram til og med 2019 var dette spegla i at lokallag kunne få inntil 4 delegatar til landsmøtet, avhengig av medlemstalet. Ein viktig del av den veksten partiet har hatt er at vi har fått mange nye lokallag over heile landet. Frå 2017 til 2019 gjekk talet på landsmøtedelegatar opp frå 145 til 240, inkludert 3 til Raud Ungdom. Sidan 2021 har landsstyret sett eit tak på 230 delegatar, inkludert 15 til Raud Ungdom. Med nesten like mange lokallag som delegatar, er det knapt mogleg å spegle skilnaden i storleik, og for å sikre flest mogleg lag éin ekstra delegat, vedtok landsstyret at ingen skulle få meir enn det. I 2021 var det 25 lokallag som fekk to delegatar, i 2023 var det 7, og i 2025 gjekk dei 215 plassane til 215 lokallag, med éin delegat til kvar.

Det er òg stor skilnad på kor mange lokallag vi har i kvart fylke. Østfold har 314 tusen innbyggjarar i 12 kommunar, medan Nordland, som dekkjer ni gonger arealet til Østfold, har 243 tusen innbyggjarar i 41 kommunar. I 2025 hadde begge fylkeslaga rundt 800 medlemmer, men Nordland fekk 24 delegatar til landsmøtet og Østfold 6, éin for kvart lokallag. Sjølv om lokallagsstrukturen i hovudsak er knytt til kommunestrukturen, finst det geografiske føresetnader som ligg til grunn for begge. Sidan Raudt er eit parti som ønskjer å styrkje distrikta og som kjempar mot geografisk sentralisering av kapital, makt og menneske, er det naturleg at vi òg sikrar distrikta god plass på landsmøta.



Arbeidsgruppa tilrår at storleiken på delegasjonane til ein viss grad speglar medlemstalet, samtidig som delegatnøkkelen må sikre at distrikta er godt representerte.

—

Partiet er ikkje immunt mot dei patriarkalske strukturane og den kvinneundertrykkinga som gjennomsyrrar samfunnet vårt. Vedtektene stiller krav til at ein skal velje minst like mange kvinnelege som mannlege delegatar. I praksis gjeld dette kravet berre når ein vel minst to. På dei siste landsmøta, der dei aller fleste eller alle delegasjonane har vore éin person, har vi sett at menn utgjer fleirtalet. Dette talar for å ha delegasjonar på minst to eller på anna vis sette grenser for det samla talet på mannlege delegatar.

Å spegle grunnplanet i partiet handlar om geografi og kjønn, men òg om klasse, politikkområde, bakgrunn, yrkesgruppe m.m. Dette talar for at delegasjonane bør vere store nok til å sikre ei breidde som speglar mangfaldet i partiet.

Vedtektene slår fast at Raudt skal vere ein organisasjon som verdset usemje, der lokallag og medlemmer skal gjere usemja kjend i partiet. Sjølv om vedtektene òg gir leiinga på alle nivå ansvar for bringe mindretalssyn vidare og sikre dei reell handsaming, representerer eit mindretal best seg sjølv. Dette talar for at delegasjonane bør vere store nok til at òg mindretala i viktige saker får plass.

Arbeidsgruppa tilrår ein viss storleik på delegasjonane, fordi dette er nødvendig for å representere mangfaldet i partiet.

—

Alle delegatar på landsmøtet bør få sjansen til å delta aktivt. På landsmøtet i 2025 fekk dei 188 oppmøtte delegatane tildelt til saman 392 minutt taletid.¹ Det gir 2 minutt og 5 sekund på kvar delegat. Hadde alle dei 230 delegatane møtt, ville det gitt 1 minutt og 42 sekund taletid per delegat. Det talar for at talet på personar med talerett ikkje bør auke utan at lengda på landsmøtet aukar. Sidan både delegatar og observatørar har talerett, er det mogleg å auke talet på delegatar noko om ein samtidig reduserer talet på observatørar.

Partiet bør skape færrast mogleg praktiske hindringar ved å vere delegat på landsmøtet. Til dømes er det vanskeleg for mange å ta fri frå jobb. Dette talar for at landsmøtet ikkje bør gå over for mange dagar, med kostnadane det medfører for kvar delegat.

Det er kostbart å arrangere landsmøte, og kostnaden stig jo lengre eller større landsmøtet er. Om møtet skal vere større avgrensar det òg kva som er tilgjengeleg av møtelokale, og om det var litt mindre ville det vore fleire moglegheiter. Dei siste landsmøta har hatt budsjetttramme på 3,4 millionar ved fullt oppmøte, der 400 000 kr er deltakaravgift frå lokallaga. Partikontoret vurderer at ein ekstra dag vil koste rundt 850 000 kr, og at ein ekstra deltakar (anten delegat eller observatør) kostar i overkant av 10 000 kr.

Arbeidsgruppa tilrår at landsmøtet ikkje bør vere større eller lengre enn i dag.

1 Kor mykje taletid dei fekk tildelt, ikkje kor lenge dei var på talarstolen.



Alternative modeller

Arbeidsgruppa har drøfta to ulike modeller for framtidig delegatfordeling i vedtektene. Den første er modellen vi har i dag, der lokallaga vel delegatane. Arbeidsgruppa har sett på endringar i denne modellen for å møte dei utfordringane vi har skildra over, men har ikkje kome fram til forslag å gå vidare med. Det er mogleg å auke talet på medlemmer eit lokallag må ha for å få ein delegat på landsmøtet, men dette monnar ikkje utan å sette grensa høgare enn gruppa vil tilrå. På den andre sida er det mogleg å auke det totale delegattalet på landsmøtet, men som omtala over, må ein da òg utvide lengda på landsmøtet for å sikre taletid til delegatane, med mindre ein samtidig reduserer talet på observatørar. Til saman meiner arbeidsgruppa at dette inneber for store kostnader både for partiet og for kvar delegat.

Den andre modellen er basert på at lokallaga først nominerer delegatar. Deretter møtest representantar frå lokallaga og vel ein delegasjon frå fylkeslaget eller fylkesdelslaget blant dei lokallaga har nominert. Denne modellen er ei vidareutvikling av eit av forslaga som var oppe på landsmøtet i 2023, men med nokre sentrale endringar. For det første gjer vi det tydelegare at delegatane må veljast blant dei som lokallaga har nominert. Arbeidsgruppa er delt i synet på om vi bør vedtektsfeste kor stort landsmøtet skal vera, eller om landsstyret framleis skal bestemme dette. Vi har uansett lagt til grunn at landsmøtet består av 230 delegatar, inkludert Raud Ungdom. Det er i tråd med den avgrensinga landsstyret har praktisert sidan 2021, og saman med at vi kan vente at fylkesdelegasjonane fyller opp alle plassane sine, gjer det storleiken på landsmøtet meir føreseieleg. Vidare har vi lagt inn at fylkesdelslag inngår i fordelinga i staden for at fylkeslaget kan delegere delegatar vidare. For å sikre at ingen fylkeslag eller fylkesdelslag får veldig få delegatar, har vi lagt inn at alle skal ha minst 7. I den andre enden har vi lagt inn at ingen skal ha meir enn 30.

Arbeidsgruppa har diskutert om Raud Ungdom skal ha eit fast delegattal eller inngå i fordelinga som om dei var eit fylkeslag. I utrekningane under inngår dei i fordelinga på linje med fylkeslaga.

Konsekvensar av modellane

Når vi ser på det førre landsmøtet i 2025, er det stor skilnad mellom tala på tildelte og møtte delegatar, og talet på lag som ikkje kunne møte er særskilt ulikt fordelt på fylka. Figur 1 viser derfor ei samanlikning av kor stor *andel* kvart fylke hadde av delegatane som møtte på landsmøtet i 2025, saman med andelen av medlemmane per 1. august 2026 og andelen av delegatane etter den nye modellen til arbeidsgruppa.

Samanlikna med kor mange som møtte på førre landsmøte i 2025, gir den nye modellen dei fleste fylka ein litt større andel av delegatane, medan fylke med mange små lokallag får ein lågare andel. Dette gjeld særleg Nordland, men òg Hedmark og til ein viss grad Møre og Romsdal. Hedmark går rett nok òg noko ned i dagens modell, på grunn av færre lag enn i 2025, og Møre og Romsdal får berre éin delegat mindre enn dei møtte med i 2025. Vi ser òg at Raud Ungdom får færre delegatar når dei deltek i fordelinga på lik linje med fylkeslaga.


Motsett veg ser vi at Østfold, Oslo og Vestfold og Telemark er dei fylkeslaga som fekk dårlegast utteljing for medlemstalet sitt i 2025. I reine delegatar er det Oslo som får den største auken med ny modell, sjølv om maktsgrensa gjer at dei da er det einaste fylkeslaget som får ein lågare andel av delegatane enn dei har av medlemmane. Østfold er det fylkeslaget som får den klart største prosentvise auken i delegattalet med ny modell, følgt av Troms og Buskerud når vi samanliknar med oppmøtet i 2025.

I figur 2 har vi vist samanhengen i den nye modellen mellom medlemstal i fylkeslaget eller fylkesdelslaget og delegattal.




Den grønne streken viser den teoretiske fordelinga og dei nedre og øvre grensene. Dei oransje punkta viser skilnaden mellom dagens modell og ny modell når begge blir brukt på medlemstala per 1. august 2026. Som ein ser, er det dei same fylka som stikk seg ut her. I denne figuren må ein ta høgde for at ein kan vente at fylkeslaga og fylkesdelslaga stiller med alle delegatane sine i den nye modellen, medan dagens modell gir ein del forfall.

Tabellen i figur 3 viser talet på lokallag og medlemmar i kvart fylke per 1. august 2026, saman med kor mange delegatar lokallaga i kvart fylke hadde rett på og møtte med på landsmøtet i 2025, og delegattal etter dagens og ny modell.



Figur 1: Samanlikning av kor stor andel kvart fylke har av medlemmar, delegatar som møtte på landsmøtet i 2025 og delegatar med ny modell.



Figur 2: Grafisk framstilling av samanhengen mellom medlemstal og delegattal per fylke i dagens modell (oransje punkt) og den nye modellen (grøne punkt og grøn strek).



Fylke	Lokallag 1.8.2026	Medlemmer 1.8.2026	Delegatar 2025	Møtt 2025	Dagens modell	Ny modell
Finnmark	8	334	5	5	8	7
Troms	9	698	9	6	10	10
Nordland	22	872	24	17	22	13
Trøndelag	22	1561	23	18	23	23
Møre og Romsdal	11	484	9	8	11	7
Sogn og Fjordane	9	230	9	5	9	7
Hordaland	22	1479	22	18	23	22
Rogaland	11	1039	14	12	12	15
Agder	10	734	13	9	11	11
Vestfold og Telemark	13	1246	14	12	13	18
Buskerud	7	517	7	5	7	8
Oppland	7	387	7	5	7	7
Hedmark	11	530	13	12	11	8
Oslo	20	3435	22	21	25	30
Akershus	16	1396	18	15	16	21
Østfold	6	825	6	6	7	12
Raud Ungdom		ca. 750	15	14	15	11
Total	204	15854 ²	230	188	230	230

Figur 3: Tabellen viser ei mogleg fordeling med den nye modellen, samanlikna med dagens modell med delegatnøkkel for dei siste landsmøta. Både dagens modell og ny modell er rekna ut frå medlemstal per 1. august 2026.

2 Ikkje inkludert Raud Ungdom, men inkludert 87 medlemmar utan fylkeslag.



Mellombels tilråding frå arbeidsgruppa

Med utgangspunkt i drøftinga over, tilrår arbeidsgruppa den nye modellen der lokallaga først nominerer delegatar, og så møtest og vel ein delegasjon frå fylkeslaget eller fylkesdelslaget.

For å representere mangfaldet i partiet og til ein viss grad spegle medlemstala rundt om i organisasjonen, er det nødvendig å ha delegasjonar på meir enn éin person. Det er ikkje mogleg å kombinere dette med at kvart lokallag vel delegatar kvar for seg, utan at vi gjer landsmøtet vesentleg større og lengre enn i dag. Raudt har fått mange nye lokallag sidan dagens modell blei vedtektsfesta, og det er framleis mange kommunar utan lokallag. Når ein kommune får mange medlemmer, veks det gjerne òg fram fleire lag i kommunen. Sjølv utan å gje store lokallag meir enn éin delegat, er det om kort tid ikkje plass til fleire lokallag innanfor dagens delegatnøkkel.

Fylkeslaga har gradvis fått ein større plass i partiet, samtidig som talet på lokallag og medlemmer har auka. Fylkeslaga har ei viktig rolle som ein møteplass mellom lokallaga, ein arena for koordinering og samarbeid og ein ressurs for nye lokallag og andre lokallag som treng støtte. Partistrategien slår fast at vi må styrke fylkesorganisasjonen i heile landet for at partiet skal tole å vekse vidare og tole motgang. Vidare må fylkeslaga få ei tydelegare rolle og alle fylkeslaga må kunne skolere og støtte lokallaga sine. Alle som skal på eit landsmøte, bør få vere del av ein delegasjon, eit fellesskap. Arbeidsgruppa ser fylkesdelegasjonar som ei løysing der fylkeslaga får eit større formelt ansvar for å støtte og koordinere. Ved å velje fleire delegatar samla, blir det mogleg å sikre kjønnsbalanse og betre breidde i delegasjonane.

Ikkje alle lokallag som får ein delegat, møter på landsmøtet. I 2025 møtte 174 av dei 215 lokallagsdelegatane. Det er ofte små lokallag som har forfall, fordi få medlemmer gjer det meir sannsynleg at ingen kan reise på landsmøtet. I delegatnøkkel til landsmøtet i 2027 har landsstyret lagt inn at lokallag som melder forfall innan 1. desember blir tatt ut av delegatfordelinga, og delegatane deira blir fordelte på nytt. Dette kan innebere ein viss auke i talet på delegatar som møter på landsmøtet. Med ordninga vi føreslår, forventar vi at alle plassane vert fylte. Ordninga sikrar dermed òg at fylkeslaget framleis får alle delegatplassane sine, sjølv om eit lokallag i fylket ikkje kan møte.

Ved å sette ei nedre grense på 7 delegatar til kvart fylkeslag/fylkesdelslag, sikrar vi at fylka med færrest medlemmer får omtrent like mange delegatar som i dag, og fleire enn dei møtte med på sist landsmøte. I den andre enden av skalaen blir Oslo treft av den øvre grensa på 30 delegatar, der ei rein forholdsmessig tildeling etter medlemstal ville gitt dei 50. Til saman meiner arbeidsgruppa dette ivaretar distriktsprofilen i delegatfordelinga.

Gjennom at lokallaga sjølv nominerer delegatane og så møtest og vel delegasjonen frå fylkeslaget/fylkesdelslaget, vil lokallaga framleis ha ei sentral rolle i å velje delegatane til landsmøtet. Vedtektsendringane påverkar dessutan ikkje lokallaga si rolle i arbeidet med og innsendinga av forslag til landsmøtet. Arbeidsgruppa er delt i synet på om lokallag som ikkje var representerte på førre landsmøte òg skal ha førsterett på ein delegat, eller om dette er eit omsyn som skal vera opp til møtet som vel delegatane.

ARBEIDSGRUPPA FØRESLÅR TO ULIKE ALTERNATIV FOR FORDELINGA AV DELEGATAR TIL RAUD UNGDOM:

- a) Raud Ungdom får delegatar etter kor mange medlemmer dei har, slik som fylkeslag. Med dagens medlemstal går dei frå 15 til 11 delegatar.
- b) Vedtektsfeste at Raud Ungdom har 10 av delegatane på landsmøtet.

Arbeidsgruppa føreslår ingen endringar i korleis Raud Ungdom vel delegatane sine. Begge forslaga inneber at dei to landsstyrrerrepresentantane deira framleis vil ha tale- og forslagsrett på landsmøtet.

Dersom landsmøtet ikkje ønskjer den nye modellen, tilrår arbeidsgruppa å vidareføre dei gjeldande vedtektene utan endringar.



Forslag til vedtektsendringar

Punkt 4–7 i § 8 utgår og blir erstatta av dei følgjande nye punkta. Overskriftene her er meint å lette lesinga, spesielt der det er fleire alternativ, og er ikkje meint å vere med i vedtektene. Det er òg mogleg at arbeidsgruppa føreslår ei anna samansetting av punkta etter høyringsrunden.

Punkt 4: Kor stort landsmøtet skal vere:

Alternativ 4A: Landsmøtet består av 230 delegatar.

Alternativ 4B: Landsstyret vedtek kor mange delegatar landsmøtet skal ha.

Punkt 5: Fordeling av delegatane:

Fylkeslag får tildelt delegatar proporsjonalt etter medlemstalet i fylket, men ingen fylkeslag skal få mindre enn 7 eller meir enn 30 delegatar. I fylke som er delt inn i fylkesdelslag er det fylkesdelslaga som inngår i fordelinga og får tildelt delegatar.

Punkt 6: Raud Ungdom

Alternativ 6A: Raud Ungdom inngår i fordelinga av delegatar som om Raud Ungdom sine medlemmer hadde vore eit fylkeslag i Raudt.

Alternativ 6B: Raud Ungdom skal ha 10 av delegatane.

Punkt 7: Nominasjon av delegatar

Lokallaga nominerer delegatar blant medlemmene sine, i tråd med § 13, og slik at minst éin av dei nominerte er ei kvinne. Fylkesstyret kan gje dispensasjon etter § 13.2. To eller fleire lokallag i geografisk nærleik kan gå saman om å nominere delegatar. Nominasjonen skal skje med alminneleg fleirtal på medlemsmøte, der datoen er varsla minst tre veker før.

Punkt 8: Val av delegatar (skilnaden mellom alternativa er den understreka setninga)

Alternativ 8A: Fylkeslaget/fylkesdelslaget vel delegatar og varaar blant dei nominerte ut frå omsyn til medlemstal, geografisk fordeling og kjønnsfordeling. Lokallag som ikkje var representerte på det førre landsmøtet har førsterett på ein delegat. Valet skal skje med alminneleg fleirtal på årsmøte eller delegatmøte der datoen er varsla minst tre veker før.

Alternativ 8B: Fylkeslaget/fylkesdelslaget vel delegatar og varaar blant dei nominerte ut frå omsyn til medlemstal, geografisk fordeling og kjønnsfordeling. Valet skal skje med alminneleg fleirtal på årsmøte eller delegatmøte der datoen er varsla minst tre veker før.

Punkt 9: Fristar

Landsstyret set fristen for nominasjonar og delegatval.

I tillegg føreslår vi å justere ordlyden i § 13.1:

§13.1. I alle organ innanfor Raudt, ved val eller nominasjon av delegatar og ved nominasjon til Raudt sine vallister skal det vere minst like mange kvinner som menn. For å sikre kvinner høgt opp på lister, bør minst annankvar kandidat vere kvinne.



Arbeidsgruppa foreslår ikkje å vidareført kravet som står i § 8.4 i vedtektene i dag om at eit lag må vere oppretta og godkjent innan 31. desember året før for å kunne sende delegatar til landsmøtet. Vi har landa på at det ikkje er nødvendig å vedtektsfeste når eit lag må vera oppretta og godkjent for å få lov til å nominere delegatar. I forslaget over vil fristen for å nominere delegatar uansett fungere som ei grense for dette.

Spørsmål og tema til diskusjon

- a) Kva for eit alternativ føretrekk dokker i punkta med to alternativ, altså punkt 4, 6 og 8?
- b) Korleis stiller dokker dokker til den nye modellen?
- c) Arbeidsgruppa foreslår vedtektsfesta at delegatane blir fordelte proporsjonalt etter medlemstala i fylkeslaga/ fylkesdelslaga, innanfor eit minstetal og eit makstal. Finst det betre måtar å fordele delegatane mellom fylkeslaga/ fylkesdelslaga?
- d) I tillegg til at landsstyret har tale- og forslagsrett, var det 18 andre observatørar med tale- og forslagsrett på landsmøtet i 2025. Desse var anten kandidatar til sentralstyret, fylkesleiarar, fylkesdelsleiarar, komitéleiarar, internrevisorar eller stortingsrepresentantar, som ikkje allereie var valde som delegatar frå eit lokallag. Er det ønskeleg å avgrense kven som får tale- og forslagsrett og/eller kva slags saker dei har tale- og forslagsrett i, for å gje litt meir taletid til delegatane?

Bakgrunnsmateriale

Gjeldande vedtekter

§ 8.4. For at eit lokallag skal kunne sende delegatar på landsmøtet, må det vere oppretta og godkjent innan 31. desember året før. Lokallag godkjent seinare skal få sende observatør til møtet.

§ 8.5. Berre lokallag kan velje delegatar til landsmøtet. Landsstyret vedtek delegatnøkkel. Alle lokallag som har tre medlemmer eller meir, skal ha minst ein delegat. To eller fleire lokallag i geografisk nærleik kan gå saman om å velje delegatar.

§ 8.6. Raud Ungdom vel sjølv delegatar til landsmøtet, og får like mange delegatar frå kvart fylke som om Raud Ungdom sine medlemmer i fylket hadde vore eit lokallag i Raudt.

§ 8.7. Delegatane vert valde med alminneleg fleirtal på medlemsmøte, der datoen er varsla minst tre veker før.

§13.1. I alle organ innanfor Raudt, ved val av delegatar og ved nominasjon til Raudt sine vallister skal det vere minst like mange kvinner som menn. For å sikre kvinner høgt opp på lister, bør minst annankvar kandidat vere kvinne.

§16.2. Raud Ungdom har rett på delegatar på Raudt sitt landsmøte jf. § 8.



Tidlegare og gjeldande delegatnøklar

Før landsmøta fram til og med 2019 fastsette landsstyret delegatnøklar som sa kor mange medlemmer eit lokallag måtte ha for å få eit visst antal delegatar. Til dømes var delegatnøkkelen i 2017 og 2019 som følgjer:

Medlemer	Delegatar
3–22	1
23–60	2
61–115	3
116 og meir	4

Frå og med 2021 har delegatnøkkelen vore at alle lokallag først får éin delegat, og så, innanfor eit tak på totalt 215 delegatar frå lokallag, får lokallaga med flest medlemmer éin delegat til. Dette er òg delegatnøkkelen til landsmøtet i 2027.

I begge tilfella kjem delegatane frå Raud Ungdom i tillegg.

Vedtektene gir landsstyret tale- og forslagsrett på landsmøtet. I tillegg kan lokallag som er godkjende same år som landsmøtet sende ein observatør.

FOR LANDSMØTET I 2027 HAR LANDSSTYRET, SOM I 2025, I TILLEGG VEDTATT AV DESSE SKAL FÅ MØTE SOM OBSERVATØRAR MED TALE- OG FORSLAGSRETT (OM DEI IKKJE ALLEREIE ER VALDE SOM DELEGATAR):

- kandidatane som er innstilte til sentralstyret for neste periode
- fylkesleiarane og fylkesdelsleiarane (lagt til i 2021)
- komitéleiarane for dei førebuande komitéane (inkludert denne arbeidsgruppa)
- internrevisorane valt av det førre landsmøtet (lagt til i 2021)
- stortingsrepresentantane til Raudt (lagt til i 2023)

Nytt av året er at lokallag som melder forfall til landsmøtet innan 1. desember blir tatt ut av delegatfordelinga, og delegatane deira blir fordelte på nytt. Dei går altså vidare til dei lokallaga med flest medlemmer som ikkje ennå har fått to delegatar. Det er dermed sannsynlig at landsmøtet i 2027 blir større enn landsmøtet i 2025.

Statistikk frå dei siste landsmøta

År	Delegatar frå lokallag	Delegatar frå Raud Ungdom	Observatørar frå landsstyret	Andre observatørar
2017	142	3	39	x
Møtt 2017	130	3	25	9
2021	215	15	39	Potensielt ca 40
Møtt 2021	190	15	37	16 (digitalt)
2025	215	15	39	Potensielt ca 40
Møtt 2025	174	14	37	18

Taletid 2025

	Delegatar	Observatørar
Innlegg	111 (72 %)	44 (28 %)
Tildelte minutt	392 (68 %)	180,5 (32 %)

Tabellen viser ikkje kor lenge dei var på talarstolen, men kor mykje taletid dei fekk tildelt



